



Alver kommune Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 32e521b5-dbda-44e2-b7ba-803a6dece736

Vår: 21/4653 - 22/11156

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

[linda.folkestad@alver.kommune.no](mailto:linda.folkestad@alver.kommune.no)

Dato:

08.02.2022

## Uttale søknad om dispensasjon frå reguleringsplan - gbnr 214/32 Fyllingsnes

**Tiltak:** Dispensasjon - fritidsbustad/veg  
**Byggjestad:** Gbnr: 214/32  
**Tiltakshavar:** Helge Magnus Erdal  
**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS

Saka gjeld søknad om dispensasjonar i tilknytning til framtidig søknad om oppføring av fritidsbustad og etablering av veg fram til fritidsbustad.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Storneset Strandplan del av Fyllingsnes med planid. 1263-20101976. Fritidsbustad skal plasserast i område som er definert som byggeområde for fritidsbustad i plan. Tilkomstveg er plassert i område definert som landbruksområde.

Det er søkt dispensasjon frå føremålet landbruksområde angjeve i reguleringsplan for etablering av veg, byggegrense mot sjø vist i kommuneplankartet, møneretning vist i reguleringsplankartet og frå krav om parkering på P7.

Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 25 % BYA. Samla BRA skal ikkje overstige 150 m2 .

### Uttale:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot sjø for etablering av tilkomstveg til fritidsbustad.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har sett på vedlagt dokumentasjon. Vegen har eit parti der fallet utgjør 14,25 % som betyr eit vegen har eit fall på 1:7. Anbefalt fall på veg er 1:8. Samferdsel, veg-, vatn- og avløp har elles ingen merknader til søknaden.

I samband med søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle har Samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning den 25.05.2021 gitt ei uttale der vi sett krav om at avkjørsle skal stette tekniske krav fastsatt av Vegdirektoratet etter veglova, vegnormal og forskrift. Eksisterande avkjørsle stettar, per dags dato, ikkje krava slik at det utløyser er krav om utbetring av denne.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

I reguleringsplan for Nystøltunet (planid 1263-201603) er det i rekkefølgekrav satt krav om at avkjørsla skal være utbetra ihht til godkjent vegplan før det vert sett i gong tiltak i planområdet.  
Samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning har ingen informasjon om status i dette arbeidet.

I samband med reguleringsplan for Nystøltunet skal kommunen etablere kommunalt vatn og avløp i området.  
Fritidsbustad kan få krav om å knytte seg på kommunalt vatn og avløp når dett er etablert.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG